

Nye E39 Lavik ferjekai - tryggare og trivligare

NÆRINFO 3

November 2013

Del ein av pelearbeidet er ferdig, og no startar arbeidet med å støype bjelkane som skal gå på tvers og bære den nye ferjekaia.

Dekkeelementa som skal leggast ut på bjelkane vert produsert i Førde, og kjem med bil til Lavik.

All betong som vert nytta på anlegget vert produsert av Sunnfjord Betong.

Pelearbeid fase 2

I løpet av seinhausten vert det meir pelearbeid. I november startar fase 2, bygging av ferjepiren. Då skal det pelast ytterlegare 100 meter ut frå der dei yreste pelane står i dag.

På det djupaste skal ein her ned på 40 meters djup. Arbeidet skal utførast av same firma og med same maskin som er nytta tidlegare. Frå ein lekter på sjøen skal eit fallodd slå pelane ned i sjøbotnen, og meisle dei litt ned i fjellet der nede.

Bygger støttemur

Det gamle ekspedisjonsbygget, som har vore brukt til både kafé og venterom er no rive.

I området mellom bensinstasjonen og sjøkanten, der nye E39 skal gå, er ein natur-



Arbeidet med å forskale og støype bjelkane som skal bære den nye ferjekaia er no i gang.



Vi er godt nøgde med framdrifta, seier byggeleiar Reidar Fristad.

steinsmur under bygging. Frå gravemaskina legg føraren dei store steinblokkene på plass med sylskarp presisjon. Stein på stein byggjer han ei perlerad som skal holde skråninga bakanfor på plass.

– Entreprenøren har prioritert denne støttemuren slik at eigaren av bensinstasjon kan utvikle og byggje ut området ovanfor slik han ynskjer, fortel byggeleiar Reidar Fristad. Natursteinsmur er noko dyrare enn alternativa, men det ser både finare ut og varer lengre.

– Ekstrakostnaden ved oppføring sparer ein seinare inn på vedlikehald, meiner Fristad.

Uavklara om butikk

Førebels vert butikken på kaia ståande ut året, kva som skjer vidare er ikkje avklara. Avtalen med huseigar gjeld fram til 1. desember, med ein måned oppseiing. Avtalen kan også bli forlenga.

I samband med anleggsarbeiet er ei av oppstillingsfilene på kaiområdet fjerna, noko som tilsvarar 13-15 bilar. Prosjektleiar Oddvin Hov



I området mellom bensinstasjonen og sjøkanten, der nye E39 skal gå, er ein høg natursteinsmur under bygging.

oppmodar difor om å ikkje bruke filene nærast butikken som parkeringsplass.

– Behovet for desse felta er større no enn det var tidlegare. Dersom talet på parkerte bilar ikkje går ned, må vi vurdere å gjere andre grep, seier Hov.

Lavik kai stengt for ekspressbåt

Etter ein prøveperiode har fylkeskommunen og Norled bestemt at det ikkje vil bli hurtigbåtanløp i Lavik før ny ekspress-

båtkai står ferdig desember 2014. Alternativet vert av- og påstiging i Rysjedalsvika, og det vert sett opp buss og drosje mellom Lavik til Rysjedalsvika.

I helgane er det bestillingsordning med drosje.

Frå Lavik til Rysjedalsvika går ruta frå busshaldeplassen ved Statoil, sjå rute-tider i tabell.

Ruteperiode 01.10.13 til 30.04.14	Dx67 Buss	6 Drosje	6 Drosje	Dx6 Buss	7 Drosje
Lavik	09.05	09.05*	16.00*	18.00	17.30*
Rysjedalsvika	09.40	09.40*	16.30*	18.35	18.05*
Ruteperiode 01.10.13 til 30.04.14	Dx67 Buss	6 Drosje	6 Drosje	Dx6 Buss	7 Drosje
Rysjedalsvika	09.50	09.50*	16.30*	18.35	18.05*
Lavik	10.20	10.20*	16.50*	19.05	18.35*

*Bestillingsrute. Ta kontakt på tlf. 957 88 100 minst to timar før avgang.

Dersom du lurar på noko knytt til ekspressbåten, ta kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune på tlf. 57 65 61 00.



Fundamenta for Kvamsneset bru er under bygging.



Kontaktpersonar Statens vegvesen



Prosjektleiar
Oddvin Hov
oddvin.hov@vegvesen.no
Tlf. 57 72 40 61 / 952 53 141



Byggjeleiar
Reidar Fristad
reidar.fristad@vegvesen.no
Mobil 974 21 990

Statens vegvesen Region vest , telefon 02030

vegvesen.no/europaveg/e39lavikferjeka